

Klagenemnda for miljøinformasjon



ÅRSRAPPORT 2008

1. Miljøinformasjonslova og klagenemnda for miljøinformasjon

Miljøinformasjonslova¹ tok til å gjelde 1. januar 2004. Lova gjev alle rett til å få miljøinformasjon om tilhøve ved offentlege organ eller private verksemder som kan påverke miljøet. Lova er ei offentleglov som skal gjere det enklare for alle å få informasjon om miljøet og enklare å engasjere seg i miljøspørsmål.

Den som ikkje får svar eller ikkje er nøgd med svaret ei privat verksemd har gjeve, kan klage avslaget på krav om miljøinformasjon inn for Klagenemnda for miljøinformasjon som behandlar saker og treff vedtak etter miljøinformasjonslova. I tillegg til å behandle saker etter kapittel 4 i lova (klager mot private verksemder), har nemnda kompetanse til å behandle saker etter § 10 i produktkontrolllova².

Klagenemnda er eit fritt og uavhengig forvaltningsorgan administrativt underlagt Miljøverndepartementet. Nemnda blei oppretta av regjeringa 1. januar 2004, samstundes med at miljøinformasjonslova og dei nye reglane i produktkontrolllova tro i kraft. Siktemålet med å opprette ei klagenemnd var at nemnda skulle bidra til å styrke gjennomføringa av regelverket, at ei klageordning ville kunne førebygge og løyse konflikhtar, samt klargjere nærare omfanget av rettar og plikter etter lova.

I klagenemnda er det åtte medlemer. Leiar og nestleiar er juristar. Dei andre representantane har bakgrunn frå næringslivet, ein miljøvernorganisasjon, ein forbrukarorganisasjon og eit medieorgan/medieorganisasjon. Eit sekretariat bistår klagenemnda med administrative gjeremål og tilrettelegging av saker.

2. Nærare om nemnda

Klagenemnda har åtte medlemer. Frå 1. januar 2008 var følgjande personar medlem i nemnda:

Leiar:

Ragnhild Noer (lagdomar, Borgarting lagmannsrett)

Nestleiar:

Ørnulf Røhnebæk (lagdomar, Eidsivating lagmannsrett)

Medlemer:

¹ Lov 9. mai 2003 nr 31 om rett til miljøinformasjon og deltakelse i offentlige beslutningsprosesser av betydning for miljøet.

² Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester av 11. juni 1976 nr 79.

Gunnar Bodahl-Johansen (Institutt for Journalistikk)
Christine Molland Karlsen (Bellona)
Svein M. Søgne (Norges Skogeierforbund)
Sigrid Skjølås (Forbrukerrådet).
Cecilie R-F Skarning (Norsk Industri)
Andreas Pihlstrøm (Næringslivets Hovedorganisasjon)

Mette Nafstad Brynnildsen (Forbrukerrådet) kom med i nemnda frå 12.12.2008 og avløyste då Sigrid Skjølås.

Advokatfirmaet Haavind er fast sekretariat for nemnda. Oppdraget som sekretariat varer til 30. september 2011. Setjesekretær var i 2008 advokat Viggo Bondi.

3. Saker inkomne i 2007

I 2008 hadde klagenemnda ei sak til behandling som kom inn i 2007.

Løvenskiold Vækerø

Saksnummer: 11/2007

Vedtak: 14. februar 2008

Lenke: http://www.miljoklagenemnda.no/Vedtak/Sak_2007_11_LoevenskioldVaekeroe.pdf

Klagar: Naturvernforbundet i Oslo og Akershus.

Saka gjaldt: Kartmateriale og andre opplysningar om skog og hogst.

Resultat: Delvis medhald.

Anna: Saka blei brakt inn for Oslo tingrett.

Lenke: <http://websir.lovdata.no/cgi->

[lex/wiftsok?txt=text&button=%A0+S%D8K+%A0&emne1=klagenemnda+for+milj%F8informasjon&emne2=1%F8venskiold&emne3=&emne4=&instans=&dato=&publisert=&saksgang=&parter=&forfatter=&trunker=on](http://websir.lovdata.no/cgi-lex/wiftsok?txt=text&button=%A0+S%D8K+%A0&emne1=klagenemnda+for+milj%F8informasjon&emne2=1%F8venskiold&emne3=&emne4=&instans=&dato=&publisert=&saksgang=&parter=&forfatter=&trunker=on)

4. Saker innkomne i 2008

4.1 Realitetsbehandla saker

I 2008 blei 6 saker realitetsbehandla. Nedanfor er nokre stikkord om desse sakene.

Injoki AS

Saksnummer: 03/2008

Vedtak: 20. oktober 2008

Lenke: http://www.miljoklagenemnda.no/Vedtak/Sak_2008_03_InjokiAS.pdf

Klagar: Bolga Velforening

Saka gjaldt: Dokumentasjon på kjemikalier. Kontroll med avrenning.

Resultat: Medhald

Alvheim Eiendom AS

Saksnummer: 05/2008

Vedtak: 20. oktober 2008

Lenke: http://www.miljoklagenemnda.no/Vedtak/Sak_2008_05_AlvheimEiendom.pdf

Klagar: Bolga Velforening

Saka gjaldt: Handtering av sandblåsesand og eternitt.

Resultat: Delvis medhald.

Allskog BA

Saksnummer: 06/2008

Vedtak: 20. oktober 2008

Lenke: http://www.miljoklagenemnda.no/Vedtak/Sak_2008_06_AllskogBA.pdf

Klagar: Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Saka gjaldt: Informasjon om skogsbedrift. Omsetnad av tømmer.

Resultat: Ikkje medhald.

Det norske Veritas

Saksnummer: 08/2008

Vedtak: 3. november 2008

Lenke: http://www.miljoklagenemnda.no/Vedtak/Sak_2008_08_DetNorskeVeritas.pdf

Klagar: Interessegruppa Mer Villmark Nå!

Saka gjaldt: Krav om utlevering av revisjonsrapportar.

Resultat: Ikkje medhald.

Nemko AS

Saksnummer: 09/2008

Vedtak: 3. november 2008

Lenke: http://www.miljoklagenemnda.no/Vedtak/Sak_2008_09_Nemko.pdf

Klagar: Interessegruppa Mer Villmark Nå!

Saka gjaldt: Krav om utlevering av revisjonsrapportar.

Resultat: Ikkje medhald.

Kolo Veidekke AS

Saksnummer: 10/2008

Vedtak: 8. desember 2008

Lenke: http://www.miljoklagenemnda.no/Vedtak/Sak_2008_10_KoloVeidekke.pdf

Klagar: Bolga Velforening

Saka gjaldt: Spørsmål om utslepp og kjemikaliar.

Resultat: Ikkje medhald.

4.2 Saker som ikkje blei realitetsbehandla

Totalt i 2008 kom det inn 12 saker. Dette er like mange som året før då det også kom inn 12 saker.

To saker blei utsett til behandling i 2009. Dette gjaldt sakene:

- Bolga Velforening mot Frei Treprofil AS. Saka gjaldt forureiningsspørsmål.
- NRK Brennpunkt mot Telenor. Saka gjaldt informasjon om mobilmaster

Dette er også dei sakene som kravde mest arbeid i nemnda.

Saka mot Frei Treprofil reiste spørsmål om kva som ligg i kunnskapsplikta som private bedrifter har etter miljøinformasjonslova. Nemnda såg spesielt på kva som kan krevjast av bedrifta når det gjeld å ha kunnskap om interne tilhøve i ei bedrift som ikkje treng løyve frå det offentlege, sett i samanheng med kva informasjon ålmenta kan krevje i slike tilfelle.

Det springande punktet i saka mot Telenor var behovet for informasjon heldt opp mot behovet for hemmelegald og omsynet til sikkerheit. Nemnda gjorde vedtak i saka (med dissens) i januar 2009. NRK Brennpunkt fekk då medhald. Telenor har sidan kravd at nemnda gjer om vedtaket. Dette kravet var ikkje avgjort då årsmeldinga blei skrive.

Av dei 10 andre sakene, blei 4 saker trekte undervegs fordi klagar fekk svar på sine spørsmål.

5. Anna verksemd

Sekretariatet har svart på spørsmål frå publikum og gjeve generell rettleiing. Nemnda har mellom anna fått spørsmål om kvar ein kan klage på offentleg organ og om kva ein bør gjere viss offentleg organ ikke svarer innen rimeleg tid.

Vidare har sekretariatet svart på spørsmål frå media. Det har særleg vore saka som gjaldt Løvenskiold Vækerø som journalistar og andre har hatt spørsmål om. Saka gjaldt spørsmål om plikt til å gje ut kart over skogsområde og om det var plikt etter lova til å levere slike kart elektronisk. Etter at nemnda hadde avgjort saka med vedtak, blei saka brakt inn for Oslo tingrett som avgjorde saka i dom (sjå lenke til dommen under pkt 3). Saka blei anka inn for Borgarting lagmannsrett og saka handsamast der 23.- 24.06.2009.

At saka blei brakt inn for retten førte til at spørsmålet om kva som kan angripast rettsleg og kva rettssubjekt som er rett saksøkt ved eit søksmål kom på spissen. Nemnda ser at det er fleire uløyste spørsmål knytt til prosessuelle sider ved den verksemda nemnda driv. Nemnda har teke initiativ til at desse spørsmåla blir greidd ut.

Nemnda sette i 2008 i gang ein prosess med å få etablert eit betre system for setjesekretærfunksjonen.

6. Generelt

Talet på saker har heldt seg på om lag det same nivået sidan nemnda blei oppretta. Nemnda har dermed ikkje grunnlag i dag for å hevde at nemnda har blitt meir kjent blant publikum i løpet av fire år. Talet på klagesaker seier lite om korleis lova verker i praksis. Nemnda oppfattar at det stabile talet på klager tyder på at det er eit behov for nemnda.

Det er i hovudsak organisasjonar eller andre einingar som klagar. Dette kan tyde på at det krev ressursar og oppfølging å vere part i ein klagesak, eller at ordninga er mindre kjend for privatpersonar.

Nemnda hadde fire møte i 2008.

Mai 2009

Ragnhild Noer
Leiar, Klagenemnda for miljøinformasjon